

Alversund 17.10.2016

Hei.

Takk for svarbrev frå deg som vi endeleg mottok den 07.09.2016 etter at vi hadde sendt svarbrev på e-post til deg 21. 04. 2016.

Syner og til tidlegare svarbrev frå oss.

I siste svarbrev frå deg 07.09.2016 skriv du fylgjande «Vi ser registrerer at dere har foretatt vesentlige endringer på eiendommen i det området vi må gjøre tiltak. Blant annet er det kommet opp en forstøtningsmur i den høyde og kvalitet som vi har tilbudt oss å sette opp etter at veien er utvidet. Tomten er derfor betydeleg oppjustert etter at vi kom med vårt siste tilbud».

Me stiller oss undrande til at du fyrst no i september registrere endringar på vår eigedom. Du har ved fleire høve vore invitert til kontakt og innspel seinast då Kyrkjeleg Fellesråd i Lindås kontakta deg 06.06.2016.

Til orientering kan vi opplyse om at Alversund Maskinstasjon avslutta arbeidet hjå oss i slutten av juli måned.

Siste tilbud frå deg mottok vi onsdag 07.09.2016. Tomten er derfor ikkje betydeleg oppjustert etter at du kom med ditt siste tilbud.

Som du er godt kjend med har det i over ca. 4 år blitt planlagt å få utført drenering av tilsig frå kyrkjegarden i Alversund som vi har vore ramma av på vår eigedom. Kyrkjeleg Fellesråd i Lindås saman med oss har vore oppdragsgivar, Alversund Maskinstasjon har utført arbeidet. Vi er svært godt nøgd med den jobben som er gjort og gler oss stort over oppsetjing av gråsteinsmuren. Me kan fortelje at vi har fått/får mykje ros/skryt frå naboar og bygdefolk som gler seg på våre vegne.

Så les me i ditt svarbrev datert 07.09.2016 at no vil du kome og rive ned at muren mot vegen i samband med at den skal utvidast. Dette kling dårleg i våre øyre, her er da noko som skurrar veldig. Som vi skriv ovanfor har du gjentekne gonger hatt høve til å kome med innspel vedk. oppsetjing av muren mot vegen. Vi vil at muren skal stå og ber deg vurdere om du kan tilpasse og finne ei løysing utan å rive denne. I arbeidet med oppsetjing av muren har Alversund Maskinstasjon trekt den attende der stikkene var sett opp mot grensa i nord, vidare skrå muren oppover og endar på rest av portsøyle i sør. Derifrå og vidare oppover til betongmur må det tilpassast på ein best mogeleg måte.

Når det gjeld pris er me ikkje einige med kr 400/m². Vår takstmann har vurdert arealet til kr 750/m², noko som harmonerer med naboen sin eigedom.

Ditt vedlegg, «Kom raskt i dialog med utbygger» tykte me var svært upassande og lite hyggjeleg at du sendte oss. Vi har gjentekne gonger teke kontakt, kome med våre ynskjer, purra på skisser og teikningar. Som utbyggjar burde du kanskje hatt eit skjema med ordlyden »hold god dialog med naboar du skal erverve grunn frå».

Vonar på positiv attendemelding.

Med venleg helsing
Reidar Berntsen og GjØa Ese.

Kopi: Lindås Kommune, Avd. Byggesak/Veg.

